


Jorunn Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 50
5994 Vikanes



Dyrkolbotn 13.03.2017

Fylkesmannen i Hordaland,
Postboks 7310,
5020 Bergen

Referanse til Lindås Kommune: 15/3856 – 17/6664

VARSEL OM FEIL OG MANGELFULL SAKSHANDSAMING HOS LINDÅS KOMMUNE
VEDR
OMSØKT KLAKKANLEGG PÅ GBNR 247/11

Syner til brev frå Lindås Kommune datert 27.02.17.

Med dissens gjorde Plan- og Miljøutvalet i Lindås Kommune 22.02.17 vedtak om at Signhild Dyrkolbotn skal få byggje kloakkanelgg som omsøkt, på min bustadtomt gbnr 247/11.

I brev av 27.02.17 opplyser Lindås Kommune om at saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg godkjenning.

Underteikna vil med dette varsle og feil og mangelfull sakshandsaming i byggesaksavdelinga til Lindås Kommune.

Vidare ber underteikna om at saka vert sendt attende til Lindås Kommune for ny og skikkeleg sakshandsaming.

Nærare opplysningar er gitt nedanfor.

Sannsynleggjering av rettighet til bruk av annemmanns eigeidom

Fylkesmannen meiner at heimelshavar til gbnr 247/10, Signhild Dyrkolbotn har sannsynleggjort ho har rett til legge kloakkledningar over min bustadeigedom gbnr 247/11.

Dette på grunnlag av merknad i skyldskifte (tinglyst 10.02.74) for tomten min.

Men det er også lagt inn merknad i det same skyldskiftet at kloakkledningane ikkje skal vera til ulempe for parselleigaren, som altså er underteikna.

Lindås Kommune har ikkje sakshandsama mine påstandar om at det omsøkte kloakkanlegget vil vere til ulempe for tomten min.

Slik anførsel i skyldskiftet framkjem, er det opp til underteikna vurdere kva som er ulempe for meg.

Det er klart at når ein stor septiktank vert plassert midt inne på ein bustadtomt, er dette ei ulempe.

Også dette med at det i Dyrkolbotn ofte er 2-3 meter brøytekanter, er ikkje hensynteke i sakshandsaminga.

Det er klart at når eit kloakkrenseanlegg med bygg opp på, blir plassert slik at snø frå vegbrøyting vil leggje seg opp på installasjonen, vil dette medføre ulemper.

Reknar med denne snøen på kloakkinstallasjonen må fjernast, og dette vil då måtte bli plassert lenger inne på bustadtomten min.

Fordi verken fylkesmann eller kommune har forstått denne samanhengen, er momentet om privatrettslege tilhøve og sannsynleggjering ikkje vurdert rett.

Den 21.02.17 gjennomførte Plan- og Miljøutvalet i Lindås Kommune befaring på tomten min. Representant frå Plan- og Miljøutvalet spurte Signhild Dyrkolbotn kvifor ho ikkje kunne montera kloakktanken sin 40-50 lenger nede på sin eigen tomt, slik underteikna heile tida har hevda ho skal gjere. Signhild Dyrkolbotn hadde ikkje nok skikkeleg svart på dette, svaret framsto som ho "ikkje hadde lyst" til plassere tanken slik eg har foreslått.

Det er min påstand Signhild Dyrkolbotn ønsker å plassere kloakktanken for i størst mogleg råd øydelegge bustadtomta mi. Det tydar at ho ikkje innrettar seg etter avtala om ulempesvurdering.

Tilhøve som kommunen har sjølvstendig plikt til å vurdere

Byggesaksavdelinga i Lindås Kommune har i sakshandsaming teke søknaden til Signhild Dyrkolbotn til fylgje, utan å vurdere plasseringsmessige og byggetekniske forhold i det heile tatt.

Byggesaksavdelinga "skjuler seg bak" tildegare vedtak hos Fylkesmannen, der Fylkesmannen skriv at det er tilstrekkeleg Signhild Dyrkolbotn sansynleggjer kloakkløysing, for at kommunen skal gje byggeløyve. Uansett har kommunen plikt til sakshandsama plaseringsmessige og byggetekniske forhold. Dette er ikkje gjort.

På befaringa til Plan- og Miljøutvalet den 21.02.17, informerte Signhild Dyrkolbotn om at ho hadde ytterlegare planar om kloakktankbygging. Dette for å få ei betre framtidig kloakkløysing for fjellstova. Ein kloakktank for fjellstova vil naturleg bli plassert 40-50 lenger nede (i forhold til tanken Signhild no har omsøkt på min bustadtomt) på Signhild sit eige areal.

Det må da vere ei betre løysing å ha ein kloakktank, i staden for å ha fleire tankar spreidd utover. Dette har ikkje byggesaksavdelinga i Lindås Kommune vurdert i det heile tatt.

Under befaringa til utvalet peikte eg på at dei byggetekniske tilhøva skulle vurderast. Utvalet sa då at dette ikkje ville bli vurdert under befaringa, men skulle vurderast i det påfølgjande utvalsmøtet. Dette blei likevel ikkje gjort! Dessutan måtte jo dette ha vore vurdert under befaringa, viss vurderinga seinare skulle ha meining.

Manglar ved sjølve sakshandsaminga

I brev frå Lindås Kommune datert 16.01.17, vert underteikna varsla om at "endeleg skrivefrist" for innspel / kommentarar i saka, er satt til den 13.02.17.

Den 13.02.17 kl 14.28 leverer eg eit 4 siders brev med 9 stk vedlegg, i resepsjonen på Rådhuset til Lindås Kommune. Eg får signert kvittering frå resepsjonist på at brevet mitt er levert innan frist (Vedlegg 1).

Brevet mitt inneheld ei rekke opplysningar og dokumentasjon i saka.

No opplever eg at brevet mitt **ikkje** er verken kommentert eller lagt inn i saka i det heile tatt.

Dette er ein vesentleg sakshandsamingsfeil.

Vidare registrerer ein at Lindås Kommune legg inn i saka eit brev **motparten** Signhild Dyrkolbotn har levert inn, ein dag for seint.

Underteikna er vel vane ned at motparten leverer inn utspel etter at fristar er gått ut.

Av denne årsak har eg ved fleire høve varsla Lindås Kommune om anledning til imøtegå slike innspel. Ser ikkje ut som dette er teke til etterretning hos Lindås Kommune

På befaringa til Plan- og Miljøutvalet den 21.02.17, leverte Signhild Dyrkolbotn til medlemmene i utvalet **heilt nye dokumentar**; eit kompendium med dokument på 4.

(Kompendiet har eg fått fatt i kopi av, og kan ettersendast om ynskjeleg).

Dette kompendiet vert sakshandsama på staden.

Fleire av utvalets medlemmer stiller spørsmål til opplysningar i kompendiet.

Dette kompendiet var fullstendig ukjent for underteikna.

Ved ettergåelse av kompendiet i ettertid, syner det seg at opplysningar i kompendiet er motstridane til opplysningar gitt i byggesøkjanden for kloakkanlegget.

Det var gitt ein frist til 13.02.17 å levere inn dokumentasjon i saka.

No opplevde altså atter ein gong Signhild Dyrkolbotn får anledning til levere inn dokument i saka, etter at frist er gått ut, og **utan at underteikna får anledning til gjennomgå og kommentera Signhild sine utspl.**

Det er klart at eg ikkje vil sitja roleg å sjå på at mine verdiar vert forringa.

Eg kjem til å måtte nytta dei moglege vegar å stoppa kloakkanlegget verta bygd som omsøkt på min bustadtomt.

Varslar om at det den 6-8 juni er det beramma rettssak i Nordhordland Tingrett om eigedomtilhøvet for bustadtomten min gbnr 247/11.

På grunnlag av ovanfor nemnde fleire sakhandsamingsfeil hos byggesaksavdelinga til Lindås Kommune, ber eg om at saka vert sendt attende til Lindås Kommune, og at dei påleggjast handsama saka på forskriftmessig vis.

Vedlegg: 1 stk. kvitering

Kopi: Lindås Kommune, Postmottak, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
Advokat Trond Lexau, Lille Markeveit 13, 5005 Bergen

Med vennleg helsing



Jorunn Dyrkolbotn
Heimelshaver til gbnr 247/11



LINDÅS KOMMUNE

KVITTERING FOR MOTTATT ^{Brev}~~TILBUD~~

Lindås kommune v/ Arslaug (navn) mottok tilbud i konkurranse.....

i dag den 13/2-17 kl. 14.28...

Signatur: Arslaug Langland